



Nissedal kommune Rådmann

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref
2008/168-1

Saksbeh:
Ketil O. Kiland, 35048402
ketil.kiland@nissedal.kommune.no

Arkivkode:

Dato:
18.01.2008

Høyring – Sørheimsutvalet

Formannskapet drøfta i møte 17. januar denne saka og bad på dette grunnlag ordføraren oversende eit brev til Kommunal- og regionaldepartementet som Nissedal kommune sitt svar på denne høyringa.

Nissedal kommune ser at Regjering og Storting har ansvaret for å gje innbyggjarane gode velferdstilbod og at det er viktig å ha eit inntektssystem som sikrar likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Nissedal kommune er opptatt av forutsigbare rammevilkår. Det er difor sterkt å beklage at Sørheimutvalet foreslår å endre på skattestad for selskapsskatten. Det blir i så fall tredje gongen på få år at skattestad er endra for denne skatteforma. Det er Nissedal kommune sitt syn at selskapsskatten bør høyre heime i den kommunen der verdiane og dermed grunnlaget for skatten er skapt. Nissedal kommune vil difor sterkt gå inn for å behalde selskapsskatten slik den er organisert i dag. Når det gjeld skatteøre bør kommunane ha høve til å gjere mindre endringar i kvar retning.

Nissedal kommune støttar utvalet si tilråding om å bruke 1. juli året før budsjettåret som teljetidspunkt for innbyggjartalet. Dette gir budsjetteringa forutsigbar og gir eit mest mogeleg korrekt bilete av folketalet.

Nissedal kommune ser positivt på utvalet sitt forslag om å forenkle dagens ordning med regionaltilskot, Nord-Norgetilskot og delar av skjønssramma til eit nytt distriktspolitisk tilskot og at kriteriane for fordeling av det nye tilskotet koplast til det distriktspolitiske verkeområde.

Nissedal kommune vil understreke at småkommunar har lite å miste. Utvalet sitt framlegg vil føre til store regionale forskjellar der enkelte kommunar vil tape på omlegginga medan andre vil kome mykje betre ut. Nissedal kommune ber om at det blir

sett på dette forholdet slik at dei kommunane som tapar på omlegginga på annan måte får kompensert for dette og da ikkje bare som ei overgangsordning, men som ei langsiktig løysing.

Med helsing

Anne-Nora Oma Dahle
Anne-Nora Oma Dahle
ordfører